

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, møterom 367, fylkeshuset, Bergen
Dato: 27.03.2014
Tidspunkt: 11:00-16:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sveinung Valle	Representant	A
Astrid F. Selsvold	Representant	A
Nils-Olav Næss	Representant	A
Marte Malones	Representant	A
Terje Søviknes	Representant	Frp
Silje Hjemdal	Representant	Frp
Sigbjørn Framnes	Representant	Frp
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordfører	H
Mona Røsvik Strømme	Representant	H
Inge Reidar Kallevåg	Representant	H til kl. 15.50
Birthe Eriksen	Representant	H
Benthe Bondhus	Representant	Sp
Aud Karin Oen	Representant	SV
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordfører	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Torill Selsvold Nyborg	Representant	KrF

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Pål Kårbø	Torill Selsvold Nyborg	KrF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Johnny Stiansen	Fylkesdirektør økonomi
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon
Bjarte Brask Eriksen	Kommunikasjonsrådgjevar
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 56/14	Godkjenning møteinnkalling		
PS 57/14	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 58/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 25/14	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr mars 2014	2014/356	
RS 26/14	Prosjekt: "Førebudd på framtida" - gjennomgang av HFK sin organisasjon	2014/12398	
RS 27/14	Rekruttering til leiarstillingar i Hordaland fylkeskommune	2014/13100	
RS 28/14	Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune	2014/12339	
RS 29/14	Trafikksikringstiltak ved skular - svar på oversendingsforslag	2014/11292	
RS 30/14	Notat om inntak av lærlingar i Hordaland fylkeskommune	2014/12694	
RS 31/14	Eit framtidretta skuletilbod for ungdom frå Etne og Vindafjord	2014/12505	
RS 32/14	Årsrapport 2014 - Utdanning for vaksne	2014/11310	
RS 33/14	Ny brosjyre om Vestkystparken	2014/11775	
RS 34/14	Oppfordring - Bybanen i Bergen og verdensarvstedet Bryggen	2014/12760	
RS 35/14	Jernbaneverkets handlingsprogram 2014 - 2023	2014/626	
RS 36/14	Søknad om statlig støtte og medvirkning til sykkel - VM - Bergen 2017	2014/1636	
RS 37/14	Fylkeskommunale arbeidsoppgaver i en modernisert kommunestruktur	2014/13772	
RS 38/14	Vurdering av bruk av slagord for Hordaland fylkeskommune	2014/13927	
RS 39/14	Markering av 8.mai - Norges frigjøringsdag og nasjonal veterandag	2014/10129	
RS 40/14	Oppdragsbrev - KVVU for logistikknutepunkt i Bergensregionen. MELDINGSSAK	2014/230	
RS 41/14	Transaksjonskostnader - svar på oversendingsforslag	2014/240	
RS 42/14	Kollektivstrategi for Hordaland - invitasjon til fagseminar 9. april 2014	2014/278	
RS 43/14	Partistøtte	2014/12028	
RS 44/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mars	2014/1527	
RS 45/14	Svar på spørsmål om Fureberget bru - Fv 551	2014/13969	
PS 59/14	Delegerte saker		
DS 3/14	Låneopptak 2014 - I	2014/10441	
DS 4/14	Låneopptak til Stordalstunnelen	2014/10276	
DS 5/14	Fornyng av sertifikatlån (297 mill. kr) og refinansiering av Kommunalbanklån (94 mill. kr)	2014/10441	
DS 6/14	Fornyng av sertifikatlån 335 mill. kr	2014/10441	
DS 7/14	Fornyng av sertifikatlån og refinansiering av Kommunalbanklån	2014/10441	
DS 8/14	Fornyng av sertifikatlån 135 mill. kr	2014/10441	

PS 60/14	Bømlopakken - Gang- og sykkelveg langs Fv 542 Stokkabekken/Siggjarvåg - ny løysing treng godkjenning	2014/297
PS 61/14	Grunnlovsjubileet 2014 disponering av midlar	2014/325
PS 62/14	Fullmakt ved sal av eigedom på Voss -Rogne vidaregåande skule	2014/11302
PS 63/14	Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet - utsetjing og vidare framdrift	2014/230
PS 64/14	Utviklingsplan for Skyss 2014 - Rullering	2014/499
PS 65/14	Studentrabatt - enkeltbilletter over 7 soner	2014/13262
PS 66/14	Søknader frå Hordaland fylkeskommune om statlege tilskotsmidlar for 2015 for auka tilgjenge til kollektivtransporten	2014/43
PS 67/14	Rekneskapsrapport pr. februar 2014	2014/13022
PS 68/14	Omklassifisering av fylkesvegparcell på Søråshøgda i Bergen kommune til kommunal veg	2014/11976
PS 69/14	Norsk Vind Energi AS - Sveio vindkraftverk, og Ryvind AS - Ryvarden vindkraftverk i Sveio kommune. Høyring av meldingar med forslag til utgreiingsprogram - fråsegn	2014/10105
PS 70/14	Fordeling av investeringsmidla 2014	2014/12603
PS 71/14	Rehabilitering -ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettendring nr. 2 - 2014	2014/598
PS 72/14	Innovasjon Norge - kandidat til valkomiteen for hovudstyret	2014/13720
PS 73/14	Innspeil til evalueringsgruppe Kulturrådet	2014/12936
PS 74/14	Ymse	

PS 56/14 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Vedtak

Fylkesordføraren gjorde merksam på at punkt 3 i innstillinga til sak 70/14 ikkje var kome med i innstillinga.

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 57/14 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Vedtak

Det var ingen merknader til møteboka frå fylkesutvalet 19. og 20. februar 2014.

PS 58/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

I samband med referatsak 45/16 "Svar på spørsmål om Fureberget bru - Fv 551" oppmoda **Benthe Bondhus** om at Statens vegvesen er til stades på møta i fylkesutvalet for m.a. å svare på spørsmål sidan Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen har felles vegforvaltning. Fylkesordføraren viste til at fylkesrådmannen og fylkesdirektøren for samferdsel er fylkesutvalet sine kontaktpunkt i møta. Statens vegvesen vert invitert til fylkesutvalet for å gje orienteringar.

Vedtak

Referatsaker 25-45/14 vart tekne til orientering.

RS 25/14 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr mars 2014

RS 26/14 Prosjekt: "Førebudd på framtida" - gjennomgang av HFK sin organisasjon

RS 27/14 Rekruttering til leiarstillingar i Hordaland fylkeskommune

RS 28/14 Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune

RS 29/14 Trafikksikringstiltak ved skular - svar på oversendingsforslag

RS 30/14 Notat om inntak av lærlingar i Hordaland fylkeskommune

RS 31/14 Eit framtidsretta skuletilbod for ungdom frå Etne og Vindafjord

RS 32/14 Årsrapport 2014 - Utdanning for vaksne

RS 33/14 Ny brosjyre om Vestkystparken

RS 34/14 Oppfordring - Bybanen i Bergen og verdensarvstedet Bryggen

RS 35/14 Jernbaneverkets handlingsprogram 2014 - 2023

RS 36/14 Søknad om statlig støtte og medvirkning til sykkel - VM - Bergen 2017

RS 37/14 Fylkeskommunale arbeidsoppgaver i en modernisert kommunestruktur

RS 38/14 Vurdering av bruk av slagord for Hordaland fylkeskommune

RS 39/14 Markering av 8.mai - Norges frigjøringsdag og nasjonal veterandag

RS 40/14 Oppdragsbrev - KVVU for logistikknutepunkt i Bergensregionen. MELDINGSSAK

RS 41/14 Transaksjonskostnader - svar på oversendingsforslag

RS 42/14 Kollektivstrategi for Hordaland - invitasjon til fagseminar 9. april 2014

RS 43/14 Partistøtte

RS 44/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mars

RS 45/14 Svar på spørsmål om Fureberget bru - Fv 551

PS 59/14 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Vedtak

Delegerte saker 3-8/14 vart refererte.

DS 3/14 Låneopptak 2014 - I

DS 4/14 Låneopptak til Stordalstunnelen

DS 5/14 Fornyning av sertifikatlån (297 mill. kr) og refinansiering av Kommunalbanklån (94 mill. kr)

DS 6/14 Fornyning av sertifikatlån 335 mill. kr

DS 7/14 Fornyning av sertifikatlån og refinansiering av Kommunalbanklån

DS 8/14 Fornyning av sertifikatlån 135 mill. kr

**PS 60/14 Bømlopakken - Gang- og sykkelveg langs Fv 542
Stokkabekken/Siggjarvåg - ny løysing treng godkjenning**

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at delprosjektet Stokkabekken – Ekornsæter – Siggjarvåg skal byggast med gang- og sykkelveg, som ein del av Bømlopakken

Saksprotokoll i samferdselutvalet - 19.03.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek at delprosjektet Stokkabekken – Ekornsæter – Siggjarvåg skal byggast med gang- og sykkelveg, som ein del av Bømlopakken

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Inge Reidar Kallevåg gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Bømlø Vegselskap AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Pål Kårbø stilte spørsmål om han var ugild fordi han behandla saka då han tidlegare var styremedlem i Sunnhordland bru- og tunellselskap. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Kårbø ikkje var ugild. Jf. § 6, 2. ledd.

Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek at delprosjektet Stokkabekken-Ekornsæter-Siggjarvåg skal byggast med gang- og sykkelveg, som ein del av Bømlopakken.

PS 61/14 Grunnlovsjubileet 2014 disponering av midlar

Forslag til vedtak

1. Fylkesrådmannen rår til at kultur- og ressursutvalet disponerer dei kr. 500 000 avsett til Grunnlovsjubileet 2014 slik:
 1. Hardardanger2014 får kr. 200 000.
 2. Festmøte og festmiddag 14.05.2014 vert avsett med kr 150 000
 3. Resterande beløp kr. 150 000 vert fordelt administrativt til eigne prosjekt, formidling og marknadsføring i jubileumsåret.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesrådmannen rår til at kultur- og ressursutvalet disponerer dei kr. 500 000 avsett til Grunnlovsjubileet 2014 slik:

1. Hardardanger2014 får kr. 200 000.
2. Festmøte og festmiddag 14.05.2014 vert avsett med kr 150 000
3. Resterande beløp kr. 150 000 vert fordelt administrativt til egne prosjekt, formidling og marknadsføring i jubileumsåret.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Kr. 500 000 avsett til Grunnlovsjubileet 2014 vert disponert slik:

1. Hardanger 2014 får kr. 200 000.
2. Festmøte og festmiddag 14.05.2014 vert avsett med kr 150 000.
3. Resterande beløp, kr. 150 000, vert fordelt administrativt til egne prosjekt, formidling og marknadsføring i jubileumsåret.

PS 62/14 Fullmakt ved sal av eigedom på Voss -Rogne vidaregåande skule

Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er kr. 30 mill. eller høgare. Dersom høgaste bod er lågare enn kr. 30 mill. skal fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er kr 30 mill. eller høgare.

Dersom høgaste bod er lågare enn kr 30 mill., skal fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

PS 63/14 Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet - utsetjing og vidare framdrift

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek sak om utsetjing til orientering.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014

Gunnar Bakke sette fram slikt forslag på vegner av H, V og Frp:

«Fylkesutvalet ønskjer ikkje ei utsetjing av planprogrammet, men ber om at utredningar frå Jernbaneverket sin KVVU blir vurdert i den vidare planprosessen.»

Røysting

Bakke sitt forslag vart vedteke med 9 røyster (H, Frp, KrF, V og MDG) mot 3 røyster (Ap) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling

Fylkesutvalet ønskjer ikkje ei utsetjing av planprogrammet, men ber om at utredningar frå Jernbaneverket sin KVVU blir vurdert i den vidare planprosessen.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Utvalet la fram fellesforslag til ny innstilling.

«Fylkesutvalet ynskjer ei avklaring av planprogrammet innan 1. halvår 2014. Fylkesutvalet ber om at det vidare arbeidet vert koordinert med jernbaneverket sitt arbeid med logistikkutepunkt for Bergensregionen.»

Røysting

Utvalet sitt fellesforslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet ynskjer ei avklaring av planprogrammet innan 1. halvår 2014. Fylkesutvalet ber om at det vidare arbeidet vert koordinert med jernbaneverket sitt arbeid med logistikkutepunkt for Bergensregionen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet ynskjer ei avklaring av planprogrammet innan 1. halvår 2014. Fylkesutvalet ber om at det vidare arbeidet vert koordinert med Jernbaneverket sitt arbeid med logistikkutepunkt for Bergensregionen.

PS 64/14 Utviklingsplan for Skyss 2014 - Rullering

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner rullert Utviklingsplan for Skyss 2014

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner rullert Utviklingsplan for Skyss 2014

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner rullert Utviklingsplan for Skyss 2014.

PS 65/14 Studentrabatt - enkeltbilletter over 7 soner

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet innfører ikkje studentrabatt på enkeltbilletter over 7 soner på nytt, men rår til at det vert gjort kjend at studentar og andre vaksne kan nytte Skysskortet og betale med reisepengar (KontantSkyss) for alle enkeltbilletter og på denne måten få 17 % rabatt på billetten uavhengig av reiselengde. Det same gjeld for billett-appen (område for eins takst) når betaling vert trekt frå mobilkonto.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Jostein Ljones sette på vegne av SP, A fram forslag til ny innstilling.

«Fylkesutvalet gjeninnfører 23% studentrabatt for enkeltreiser over 7 soner.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke med 8 røyster.
Jostein Ljones sitt forslag til ny innstilling fekk 5 røyster (A, SP, R) og fall.

Innstilling

1. Fylkesutvalet innfører ikkje studentrabatt på enkeltbilletter over 7 soner på nytt, men rår til at det vert gjort kjend at studentar og andre vaksne kan nytte Skysskortet og betale med reisepengar (KontantSkyss) for alle enkeltbilletter og på denne måten få 17 % rabatt på billetten uavhengig av reiselengde. Det same gjeld for billett-appen (område for eins takst) når betaling vert trekt frå mobilkonto.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Mona Hellesnes sette på vegner av V, H, Frp, A, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet gjeninnfører 23 % studentrabatt for reiser over 7 soner."

Røysting

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet gjeninnfører 23 % studentrabatt for reiser over 7 soner.

PS 66/14 Søknader frå Hordaland fylkeskommune om statlege tilskotsmidlar for 2015 for auka tilgjenge til kollektivtransporten

Forslag til innstilling

1.	Fylkesutvalet i Hordaland søker om tilskot frå den statlege ordninga for auka tilgjenge til kollektivtransporten til følgjande tiltak/prosjekt i prioritert rekkefølge: <i>1. Opprusting av 8 større haldeplassar på fylkesvei 582 på strekninga frå og med Holen skole til og med Damsgård.</i> <i>2. Einskapleg informasjon på sentrale terminalar i Bergensområdet</i>
2.	Fylkesutvalet vedtek at eigenandelen for dei av tiltaka/prosjekt som Hordaland fylkeskommune får eventuelle tilskot til vert dekt over fylkesvegbudsjettet.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1.	Fylkesutvalet i Hordaland søker om tilskot frå den statlege ordninga for auka tilgjenge til kollektivtransporten til følgjande tiltak/prosjekt i prioritert rekkefølge: <i>3. Opprusting av 8 større haldeplassar på fylkesvei 582 på strekninga frå og med Holen skole til og med Damsgård.</i> <i>4. Einskapleg informasjon på sentrale terminalar i Bergensområdet</i>
2.	Fylkesutvalet vedtek at eigenandelen for dei av tiltaka/prosjekt som Hordaland fylkeskommune får eventuelle tilskot til vert dekt over fylkesvegbudsjettet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland søker om tilskot frå den statlege ordninga for auka tilgjenge til kollektivtransporten til følgjande tiltak/prosjekt i prioritert rekkefølge:
 1. *Opprusting av 8 større haldeplassar på fylkesveg 582 på strekninga frå og med Holen skole til og med Damsgård.*
 2. *Einskapleg informasjon på sentrale terminalar i Bergensområdet.*
2. Fylkesutvalet vedtek at eigendelen for dei av tiltaka/prosjekta som Hordaland fylkeskommune får eventuelle tilskot til vert dekt over fylkesvegbudsjettet.

PS 67/14 Rekneskapsrapport pr. februar 2014

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2014 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2014 til orientering.

PS 68/14 Omklassifisering av fylkesvegparcell på Søråshøgda i Bergen kommune til kommunal veg

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at parcell av fylkesveg 108, hp 50 km 0,790-0,930 i Bergen kommune vert omklassifisert til kommunal veg. Dato for overføring vert sett til 01.10.2014.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek at parcell av fylkesveg 108, hp 50 km 0,790-0,930 i Bergen kommune vert omklassifisert til kommunal veg. Dato for overføring vert sett til 01.10.2014.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek at parcell av fylkesveg 108, hp 50 km 0,790-0,930 i Bergen kommune vert omklassifisert til kommunal veg. Dato for overføring vert sett til 01.10.2014.

PS 69/14 Norsk Vind Energi AS - Sveio vindkraftverk, og Ryvind AS - Ryvarden vindkraftverk i Sveio kommune. Høyring av meldingar med forslag til utgreiingsprogram – fråsegn

Forslag til innstilling

1. Oversiktskart som syner eksisterande og planlagde kraftverk i området og område med særskilt vern,

- skal vera del av søknaden.
2. Sumverknader av Ryvarden vindkraftverk og Sveio vindkraftverk skal inngå i utgreiinga.
 3. Kraftproduksjon må vurderast i høve til den lokale og regionale kapasiteten i nettet.
 4. Det skal gjennomførast prøvemålingar av vind i planområdet.
 5. Kart med innteikna kraftverk, tilkomstveggar, anleggsveggar, kraftliner, kabelgrøfter, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
 6. Det må utarbeidast støysonekart som også viser lågfrekvent støy, og tiltakshavar må kartleggja og illustrera skuggekast og refleksblink.
 7. Det må stillast krav om grundig fotorealitisk visualisering med nærverknad og fjernverknad av tiltaket.
 8. Flora, vegetasjon og fauna i planområdet og influensområdet må kartleggjast grundig og detaljert av tredje part med høg kompetanse på området. Hubro og særleg truga raudlisteartar skal prioriterast.
 9. Konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne og kulturmiljø må ha høg prioritet.
Utgreiingsprogrammet må ha særleg merksemd på Ryvarden fyr og Ryvardenmarka nord for fyret.
 10. Lokalisering av vindturbinar i kombinasjon med landbruk må utgreiast.
 11. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfyljing av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Eventuell felles synfaring og pålegg om arkeologiske undersøkingar må vera oppfylt innan fylkeskommunen tar stilling til saka.
 12. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014

Marianne Bjørøy sette fram slikt forslag på vegner av Ap og V:

«Hordaland fylkeskommune kan ikkje støtte planer for bygging av vindkraftverk ved Ryvarden. Prosjekt Ryvarden vindkraft tas ut av utredningsarbeidet.
Pkt. 1: Står som innstillingen
Pkt 2: .Ryvarden vindkraftverk ogtas ut
Pkt. 3 – 8: Står som innstillingen
Pkt. 9: Andre setning i punktet utgår
Pkt. 10 – 12: Står som i innstillingen»

Gunnar Bakke (Frp) sette fram slikt forslag på vegner av H og Frp:

«Nytt pkt. 13: Kultur- og ressursutvalet vil presisere at hensynet til Ryvarden Fyr må bli sterkt vektlagt i endelig plan»

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 1: Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune er positiv til vidare utgreiing av bygging av både Sveio vindkraftverk og Ryvarden AS.
Satsing på fornybar energi er helt nødvendig for å nå måla i Klimaplanen i Hordaland.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med unntak av pkt. 9 vart vedteke med 8 røyster (H, Frp, KrF, MDG) mot 4 røyster (Ap, V) for Bjørøy sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.9 vart samrøystes vedteke.

Bakke sitt forslag til nytt pkt. 13 vart samrøystes vedteke.

Golis sitt forslag til nytt pkt. 1 vart vedteke med 9 røyster (H, Frp, V, KrF, MDG).

Innstilling

1. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune er positiv til vidare utgreiing av bygging av både Sveio vindkraftverk og Ryvind AS.
Satsing på fornybar energi er helt nødvendig for å nå måla i Klimaplanen i Hordaland.
2. Oversiktskart som syner eksisterande og planlagde kraftverk i området og område med særskilt vern, skal vera del av søknaden.
3. Sumverknader av Ryvarden vindkraftverk og Sveio vindkraftverk skal inngå i utgreiinga.
4. Kraftproduksjon må vurderast i høve til den lokale og regionale kapasiteten i nettet.

5. Det skal gjennomførast prøvemålingar av vind i planområdet.
6. Kart med innteikna kraftverk, tilkomstveggar, anleggsveggar, kraftliner, kabelgrøfter, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
7. Det må utarbeidast støysonekart som også viser lågfrekvent støy, og tiltakshavar må kartleggja og illustrera skuggekast og refleksblink.
8. Det må stillast krav om grundig fotorealistic visualisering med nærverknad og fjernverknad av tiltaket.
9. Flora, vegetasjon og fauna i planområdet og influensområdet må kartleggjast grundig og detaljert av tredje part med høg kompetanse på området. Hubro og særleg truga raudlisteartar skal prioriterast.
10. Konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne og kulturmiljø må ha høg prioritet. Utgreiingsprogrammet må ha særleg merksemd på Ryvarden fyr og Ryvardenmarka nord for fyret.
11. Lokalisering av vindturbinar i kombinasjon med landbruk må utgreiast.
12. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfylling av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Eventuell felles synfaring og pålegg om arkeologiske undersøkingar må vera oppfylt innan fylkeskommunen tar stilling til saka.
13. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.
14. Kultur- og ressursutvalet vil presisere at hensynet til Ryvarden Fyr må bli sterkt vektlagt i endelig plan

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Aud Karin Oen sette fram slik protokollmerknad:

"SV meiner punkt 1 i innstillinga strir mot hovudmålet om energi i klimaplanen..... "Innan 2030 skal energibehovet til alle føremål i hovudsak dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.""

Sveinung Valle sette på vegner av A og SV fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune kan ikke støtte planer for bygging av vindkraftverk ved Ryvarden. Prosjekt Ryvarden vindkraft tas ut av utredningsarbeidet.
 Pkt. 2: Ryvarden vindkraftverk ogtas ut
 Pkt. 3-8: Står som innstillingen
 Pkt. 9: Andre setning i punktet utgår
 Pkt. 10-12: Står som i innstillingen"

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteken med 8 røyster mot 7 røyster (A, SV, Sp, V) for Valle sitt forslag.
 Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken.
 Innstillinga punkt 3-8 vart vedteken mot 1 røyst (SV).
 Innstillinga punkt 9 vart samrøystes vedteken.
 Innstillinga punkt 10-12 vart samrøystes vedteken.
 Innstillinga punkt 13-14 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune er positiv til vidare utgreiing av bygging av både Sveio vindkraftverk og Ryvind AS.

Satsing på fornybar energi er heilt nødvendig for å nå måla i Klimaplanen i Hordaland.
2. Oversiktskart som syner eksisterande og planlagde kraftverk i området og område med særskilt vern, skal vera del av søknaden.
3. Sumverknader av Ryvarden vindkraftverk og Sveio vindkraftverk skal inngå i utgreiinga.

4. Kraftproduksjon må vurderast i høve til den lokale og regionale kapasiteten i nettet.
5. Det skal gjennomførast prøvemålingar av vind i planområdet.
6. Kart med innteikna kraftverk, tilkomstveggar, anleggsveggar, kraftliner, kabelgrøfter, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
7. Det må utarbeidast støysonekart som også viser lågfrekvent støy, og tiltakshavar må kartleggja og illustrera skuggekast og refleksblink.
8. Det må stillast krav om grundig fotorealistic visualisering med nærverknad og fjernverknad av tiltaket.
9. Flora, vegetasjon og fauna i planområdet og influensområdet må kartleggjast grundig og detaljert av tredje part med høg kompetanse på området. Hubro og særleg truga raudlisteartar skal prioriterast.
10. Konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne og kulturmiljø må ha høg prioritet. Utgreiingsprogrammet må ha særleg merksemd på Ryvarden fyr og Ryvardenmarka nord for fyret.
11. Lokalisering av vindturbinar i kombinasjon med landbruk må utgreiast.
12. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfyljing av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Eventuell felles synfaring og pålegg om arkeologiske undersøkingar må vera oppfylte innan fylkeskommunen tar stilling til saka.
13. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.
14. Fylkesutvalet vil presisera at omsynet til Ryvarden Fyr må verta sterkt vektlagt i endeleg plan.

Protokollmerknad frå SV

SV meiner punkt 1 i innstillinga strir mot hovudmålet om energi i klimaplanen..... "Innan 2030 skal energibehovet til alle føremål i hovudsak dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald."

PS 70/14 Fordeling av investeringsmidla 2014

Forslag til innstilling:

Investeringsmidla for 2014 vert fordelt slik:

Utstyrsmidlar til 2014	10 000 000 kroner
IT- midlar	8 000 000 kroner
Innkjøp reinhaldsutstyr	2 000 000 kroner
Innkjøp utstyr Årstad vgs	7 000 000 kroner
Innkjøp utstyr Amalie Skram vgs	6 000 000 kroner
Brosimulator Bergen Maritime Fagskule	2 000 000 kroner

Det kan vere trong for å sette av midlar til ytterlegare investeringar til Amalie Skram vgs, men dette vil ein ha betre oversikt på når bygget er nærmare ferdigstilling og ein ser kva utstyr som kan dekkast av byggeprosjektet.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.03.2014

Roald Stenseide sette fram følgjande endringsforslag:

1	«Posten «Utstyrsmidlar til 2014» vert redusert med 2 mill til 8 mill
2	Fordeling av dei 2 mill vert å koma attende til i neste møte i OPHE»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Stenseide sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

Investeringsmidlar for 2014 vert fordelt slik:

1	Utstyrsmidlar til 2014	8 000 000 kroner
	IT- midlar	8 000 000 kroner
	Innkjøp reinhaldsutstyr	2 000 000 kroner
	Innkjøp utstyr Årstad vgs	7 000 000 kroner
	Innkjøp utstyr Amalie Skram vgs	6 000 000 kroner
	Brosimulator Bergen Maritime Fagskule	2 000 000 kroner
2	Fordeling av 2 mill vert å koma attende til i neste møte i opplærings- og helseutvalet.	
3	Det kan være trong for å sette av midlar til ytterlegare investeringar til Amalie Skram vgs, men dette vil ein ha betre oversikt på når bygget er nærmare ferdigstilling og ein ser kva utstyr som kan dekkjast av byggeprosjektet.	

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Investeringsmidlar for 2014 vert fordelt slik:

1. Utstyrsmidlar til 2014
 - IT-midlar
 - Innkjøp reinhaldsutstyr
 - Innkjøp utstyr Årstad vgs
 - Innkjøp utstyr Amalie Skram vgs
 - Brusimulator Bergen maritime fagskule
- 8 000 000 kroner
8 000 000 kroner
2 000 000 kroner
7 000 000 kroner
6 000 000 kroner
2 000 000 kroner
2. Fordeling av 2 mill. vert å koma attende til i neste møte i opplærings- og helseutvalet.
 3. Det kan vere trong for å sette av midlar til ytterlegare investeringar til Amalie Skram vgs, men dette vil ein ha betre oversikt på når bygget er nærare ferdigstilling og ein ser kva utstyr som kan dekkjast av byggeprosjektet.

PS 71/14 Rehabilitering -ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettendring nr. 2 - 2014

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar.

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	777.025.00	02320	00208	Universell utforming	25 000 000,-	
10	646.020.00	02320	02132	Os vgs. - Ny stålhall	3 600 000,-	
10	646.020.00	02320	03236	Os vgs. - Utbedring ventilasjon II	5 000 000,-	
10	647.020.00	02320	03237	Fyllingsdalen vgs. - Utbedring ventilasjon	4 000 000,-	
10	625.020.00	02320	02133	Osterøy vgs. – Ombygging	300 000,-	
10	611.020.00	02320	04101	Os Gymnas – Etterisolering	1 000 000,-	
10	633.020.00	02320	03224	Slåtthaug vgs. - Internkontroll elektro	350 000,-	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab, / omb. / tilbygg		39 250 000,-
				39 250 000,-	39 250 000,-	

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	777.025.00	02320	00208	Universell utforming	25 000 000,-	
10	646.020.00	02320	02132	Os vgs. - Ny stålhall	3 600 000,-	
10	646.020.00	02320	03236	Os vgs. - Utbetring ventilasjon II	5 000 000,-	
10	647.020.00	02320	03237	Fyllingsdalen vgs. - Utbetring ventilasjon	4 000 000,-	
10	625.020.00	02320	02133	Osterøy vgs. – Ombygging	300 000,-	
10	611.020.00	02320	04101	Os Gymnas – Etterisolering	1 000 000,-	
10	633.020.00	02320	03224	Slåtthaug vgs. - Internkontroll elektro	350 000,-	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab, / omb. / tilbygg		39 250 000,-
					39 250 000,-	39 250 000,-

PS 72/14 Innovasjon Norge - kandidat til valkomiteen for hovudstyret

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune foreslår følgjande som kandidat til valkomiteen for hovudstyret i Innovasjon Norge 2014 – 2016:

.....

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Mona Røsvik Strømme gjorde framlegg om Gunn Marit Helgesen som kandidat til valkomiteen for hovudstyret i Innovasjon Norge 2014-2016.

Astrid F. Selsvold gjorde framlegg om Sveinung Valle som kandidat.

Røysting

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Selsvold sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune foreslår følgjande som kandidatar til valkomiteen for hovudstyret i Innovasjon Norge 2014-2016: Gunn Marit Helgesen og Sveinung Valle.

PS 73/14 Innspel til evalueringsgruppe Kulturrådet

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til innspel til evalueringsgruppa slik det ligg føre i saksframlegget.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014

Nils Marton Aadland sette fram slikt forslag:

«Siste avsnitt i samandraget, minus første setning blir nytt pkt. 1 i vedtaket»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Aadland sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer at evalueringsgruppa skal sjå på høve for modeller der det er tettare kontakt mellom eit regionalt forvaltningsnivå og Kulturrådet sentralt. Kulturrådet bør nytte den lokale/regionale kjennskapen til kulturlivet, og det er viktig med samhandling mellom ulike forvaltningsnivå for å oppnå ei god utvikling og for å få best mogleg effekt av dei offentlege kulturmidlane samla.

2. Hordaland fylkeskommune slutter seg til innspel til evalueringsgruppa slik det ligg føre i saksframlegget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer at evalueringsgruppa skal sjå på høve til modellar der det er tettare kontakt mellom eit regionalt forvaltningsnivå og Kulturrådet sentralt. Kulturrådet bør nytte den lokale/regionale kjennskapen til kulturlivet, og det er viktig med samhandling mellom ulike forvaltningsnivå for å oppnå ei god utvikling og for å få best mogleg effekt av dei offentlege kulturmidlane samla.
2. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til innspel til evalueringsgruppa slik det ligg føre i saksframlegget.

PS 74/14 Ekspertgruppe for kunst og kultur i skulen, uttale

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til uttale til ekspertgruppe for kunst og kultur i skulen

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014

Gunnar Bakke sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet gjer følgjande vedtak:

Alle 7 punkta under Framlegg til uttale frå Hordaland fylkeskommune som viser tekst som startar med Fylkesrådmannen sitt syne eller.....»

Røysting

Bakke sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet gjer følgjande uttale:

1. Prestisje og status for kunst- og kulturfaga
Det er viktig å gje dei praktisk-estetiske faga ein tydeleg plass og ei opp-prioritering, så vel i skulekvardagen som i lærarutdanninga og i kommunane. Undervisning med høg kompetanse innan kunst- og kulturfag må få eit større rom i skuletida, slik at alle born får delta i opplæring og utøving. Samspelet med kulturskuletilbodet på fritida er viktig, men dei estetiske faga bør ha sin sjølvstegte plass i skuletida, slik at dei ikkje først og fremst vert eit tilbod for ei mindre gruppe born og ungdom på fritida.
2. Systematisk samarbeid og samordning DKS, skulekonsertordninga, kulturskulane og Ungdommens Kulturstring (UKM)

Eit meir systematisk samarbeid mellom DKS, skulekonsertane, kulturskulane og UKM vil føre til auka sambruk av kompetanse frå dei ulike ordningane og større samheng mellom opplæringa i skuletida og fritida. Alle ordningane har sams målgruppe, ved at dei vender seg mot dei same borna og den same ungdommen. Aktørar frå DKS og skulekonsertane kan til dømes brukast i ekstra undervisning (masterklassar) i kulturskulane. Særleg gjeld dette ute i distrikta, der det er lange avstandar og færre tilbod når det gjeld kompetanse.

Fylkeskommunane bør ha ansvaret for kunst- og kulturformidling til skulane, slik ordninga er i dag. På denne måten sikrast kunst- og kulturformidlinga ein god regional forankring så vel i høve til skuleverket som til kunstinstitusjonane og kunstnarane. På nasjonalt nivå bør ein ha ein samordna organisasjon som arbeider med overordna utvikling og utveksling av kompetanse, nettverk og oppfølging av nasjonale aktørar. Det nasjonale nivået må synleggjere den samla kunst- og kulturproduksjonen og formidlinga i høve barn og unge, og meir spesifikt DKS. Den nasjonale

aktøren må arbeide med kriterier, kvalitetsvurderingar, kompetanse, arbeidsforhold med meir. Det vil også vere viktig å ha ei nasjonal samla merksemd i høve internasjonal utveksling og profilering.

Fylkeskommunane er gjennom DKS og skulekonsertane den største arbeidsgjevaren/innkjøparen for freelancekunstnarar i Noreg. Det nasjonale kompetansemiljøet ville kunne styrke den rolla fylkeskommunane har som arbeidsgjevar/innkjøpar i høve kunstnarane.

På regionalt nivå er det mange aktørar og fagmiljø som er i stand til og motiverte for å skapa kunstnariske produksjonar av høg kvalitet til kunst- og kulturformidlinga i skulen. Det er overflødig og kontraproduktivt å etablera ein sentralisert kvalitetssikringsinstans for produksjonar i DKS. Dette vil kunne bidra til å avgrense mangfaldet i produksjonstilboda, heller enn å fremje sterke og ulike kunstnarlege uttrykk og produksjonar. Også på Rikskonsertane sitt område bør det opnast for eksterne produsentar. Rikskonsertane si framtidige rolle bør i større grad vere å konsentrere seg om kompetansfelt den einskilde fylkeskommune sjølv ikkje har ressursar til å handtere, til dømes utviklingsarbeid på musikkområdet osv.

Kunst i skulen: Regionale sentra for kunstproduksjon og kunstformidling bør etablerast i fylka, enkeltvis eller for fleire fylke saman eller i utdanningsregionane. Fylkeskommunane har den regionale organiseringa av både DKS, skulekonsertordninga og UKM og vil slik kunne ta eit samlande grep som også omfattar kulturskulane. Fylkeskommunane bør difor vere ryggrad for slike regionale sentra. Her er den organiseringa i kompetanseregionar, som fleire fylkesbibliotek fremjer, eit godt føredøme. Fylkeskommunane kan ha tilsvarande rolle i høve kulturskulane som dei gjennom fylkesbiblioteka har for folke- og skulebiblioteka. Både nasjonalt og regionalt vil det vere viktig i organiseringa å kombinere kompetansemiljø frå kunst/kultur og opplæring/forsking. Jf. Vedtakspunkt 15 og 16 i Fylkesutvalssak 174/13

3. Skulebibliotek som verkemiddel

Gode skulebibliotek høyrer med i utforminga av ein skule for framtida, og ved å satse på utvikling av desse kan ein nå mål som gjeld både kunnskap og kultur i skulen. Skulebiblioteka er samansett av attraktive lokale, digitale tenester, aktuelle samlingar, høgt kvalifisert personale og eit klart pedagogisk oppdrag. Tilbodet støtter all verksemd i skulen, og kan vere særleg viktig i dei estetiske faga. På statleg nivå er ansvar for utvikling av folkebiblioteka lagt til Nasjonalbiblioteket, medan Utdanningsdepartementet har ansvar for skulebiblioteka. Fylkeskommunen har ansvar for biblioteka i den vidaregåande skulen, og kommunane har ansvar for biblioteka i grunnskulen. I mange kommunar har folkebiblioteket eit fagleg ansvar for biblioteka i grunnskulen. Hordaland fylkeskommune menier at ein bør utnytte biblioteka sitt potensiale for å styrkje kunst- og kulturtilbodet i skulen og arbeide for gode skulebibliotek på tvers av sektorar og forvaltningsnivå

4. Samarbeid kunst- og kultursatsing i skulane med utdannings- og forskingsinstitusjonane

Høgskule- og universitetsmiljøa har mykje å bidra med inn mot kunst- og kultursatsinga i skulane. Dette gjeld alt frå deltaking i opplæringa frå utøvande studentar og lærarar - innan musikk, visuelle kunstfag, drama, arkitektur og design - til vilkåra for desse faga i utdanninga av førskulelærarar og lærarar på høgskular og universitet. Det er difor viktig at forvaltninga i kommunane og fylkeskommunane innan DKS, skulekonsertane og kulturskulane står i eit nært og forpliktande samarbeid med utdannings- og forskingsinstitusjonane. Dei regionale forskingsfonda bør også kunne bidra med midlar til forskning som gjev auka forståing for ulike sider ved kunst- og kulturoplæringa av born og unge, i skuletid og på fritid.

5. Eigarskap i kommunane og i skulane

Dersom ein skal lukkast med opplæringa både i skuletida og i fritida – og for å skape samanheng i det samla tilbodet, er det heilt avgjerande med ein sterk eigarskap i kommunane og i skulane, særleg hjå rektorane. Kunstfaga bør innarbeidast systematisk som del av skulane sine læringsmål og i etterutdanninga av lærarane. DKS og skulekonsertane vil då kunne fungere som høgdepunkt i ein skulekvardag i samhandling med kompetente lærarar og aktive, utøvande barn og unge. Først med sterkt eigarskap hjå skuleeigar, får også desse faga det naudsynte festet i lokalsamfunna, på tvers av generasjonane, hjå foreldre og besteforeldre.

Kunst- og kulturfaga er i særleg grad eigna til å utvikle evna hjå born og unge (og vaksne) til å stille spørsmål. Med undringskompetansen veks også endringskompetansen. Slik er det her ein viktig samanheng mellom opplæring i kunst- og kulturfaga og entreprenørskapssatsinga i skulane. Med ei

sterk satsing på kunst og kultur i skulane, veks innovasjonskrafta i næringsverksemd og i lokalsamfunna. Slik sett er det avgjerande viktig ikkje berre for kunst- og kulturfaga, men for endrings- og utviklingsevna i samfunnet at desse faga vert styrka og ikkje marginalisert.

6. Kunst- og kulturfag og idrett

Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje at ein ved sterkare prioritering av kunst og kultur i skulen skal setje kroppsøving/idrett og estetiske faga opp mot kvarandre. Dette gjeld både med omsyn til prioritering i lærarutdanninga og prioritering i skulen.

7. Manglande deltaking frå fylkeskommunane i ekspertgruppa

Hordaland fylkeskommune merker seg at det i ekspertgruppa ikkje er oppnemnd deltakar frå ein fylkeskommune. Dette undergrev ekspertgruppa sin samla kompetanse og tyngde. Fylkeskommunane i Noreg har høg kompetanse på kunst- og kulturformidling til skulen, både gjennom DKS og i samarbeid med Rikskonsertane. Dei står i ein sterk relasjon til det regionale og nasjonale kulturlivet, er skuleeigar med ansvar for vidaregåande opplæring og fagskular og er eigarar og ansvarleg for Ungdommens Kulturmonstring. Representasjon frå fylkeskommunane i ekspertgruppa ville ha styrka gruppa.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.03.2014.

Bjørnar Hamre sette fram følgjande forslag:

«Fylkesutvalet gjer følgjande vedtak: Alle 7 punkta under framlegg til uttale frå Hordaland fylkeskommune som viser tekst som startar med Fylkesrådmannen sitt syn eller..... Evt. endringar gjort av OPHE av dei 7 punkta blir tatt med»..»

Ingrid Reitan og Alexander Fosse Andersen sette fram følgjande forslag:

«Sakens punkt 1 erstattes av følgjende (nytt vedtakspunkt 1): Det er viktig å gi praktisk-estetiske fag en tydelig plass i skolehverdagen, lærerutdanningen og i kommunene. Det bør være en arena for godt samarbeid mellom tilbudet på fritiden og praktisk-estetiske fag i skolen, slik at ikke dette kun blir begrenset til fritidstilbud og de som bruker dette. Praktisk-estetiske fag bør ses i sammenheng med innholdet som naturlig kan kobles mot praktisk-estetiske fag i f.eks. norsk, samfunnsfag o.l.».

Røysting

Hamre og Reitan/Andersen sine forslag vart samrøystes vedteke. Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster.

Framlegg til uttale frå Hordaland fylkeskommune:

1 Prestisje og status for kunst- og kulturfaga

Det er viktig å gi praktisk-estetiske fag en tydelig plass i skolehverdagen, lærerutdanningen og i kommunene. Det bør være en arena for godt samarbeid mellom tilbudet på fritiden og praktisk-estetiske fag i skolen, slik at ikke dette kun blir begrenset til fritidstilbud og de som bruker dette. Praktisk-estetiske fag bør ses i sammenheng med innholdet som naturlig kan kobles mot praktisk-estetiske fag i f.eks. norsk, samfunnsfag o.l.».

2 Systematisk samarbeid og samordning DKS, skulekonsertordninga, kulturskulane og Ungdommens Kulturmonstring (UKM)

Eit meir systematisk samarbeid mellom DKS, skulekonsertane, kulturskulane og UKM vil føre til auka sambruk av kompetanse frå dei ulike ordningane og større samheng mellom opplæringa i skuletida og fritida. Alle ordningane har sams målgruppe, ved at dei vender seg mot dei same borna og den same ungdommen. Aktørar frå DKS og skulekonsertane kan til dømes brukast i ekstra undervisning (masterklassar) i kulturskulane. Særleg gjeld dette ute i distrikta, der det er lange avstandar og færre tilbod når det gjeld kompetanse.

Fylkeskommunane bør ha ansvaret for kunst- og kulturformidling til skulane, slik ordninga er i dag. På denne måten sikrast kunst- og kulturformidlinga ein god regional forankring så vel i høve til skuleverket

som til kunstinstitusjonane og kunstnarane. På nasjonalt nivå bør ein ha ein samordna organisasjon som arbeider med overordna utvikling og utveksling av kompetanse, nettverk og oppfølging av nasjonale aktørar. Det nasjonale nivået må synleggjere den samla kunst- og kulturproduksjonen og formidlinga i høve barn og unge, og meir spesifikt DKS. Den nasjonale aktøren må arbeide med kriterier, kvalitetsvurderingar, kompetanse, arbeidsforhold med meir. Det vil også vere viktig å ha ei nasjonal samla merksemd i høve internasjonal utveksling og profilering.

Fylkeskommunane er gjennom DKS og skulekonsertane den største arbeidsgjeveren/innkjøparen for freelancekunstnarar i Noreg. Det nasjonale kompetansemiljøet ville kunne styrke den rolla fylkeskommunane har som arbeidsgjevar/innkjøpar i høve kunstarane.

På regionalt nivå er det mange aktørar og fagmiljø som er i stand til og motiverte for å skapa kunstnariske produksjonar av høg kvalitet til kunst- og kulturformidlinga i skulen. Det er overflødig og kontraproduktivt å etablera ein sentralisert kvalitetssikringsinstans for produksjonar i DKS. Dette vil kunne bidra til å avgrense mangfaldet i produksjonstilboda, heller enn å fremje sterke og ulike kunstnarlege uttrykk og produksjonar. Også på Rikskonsertane sitt område bør det åpnast for eksterne produsentar. Rikskonsertane si framtidige rolle bør i større grad vere å konsentrere seg om kompetansefelt den einskilde fylkeskommune sjølv ikkje har ressursar til å handtere, til dømes utviklingsarbeid på musikkområdet osv.

Kunst i skulen: Regionale sentra for kunstproduksjon og kunstformidling bør etablerast i fylka, enkeltvis eller for fleire fylke saman eller i utdanningsregionane. Fylkeskommunane har den regionale organiseringa av både DKS, skulekonsertordninga og UKM og vil slik kunne ta eit samlande grep som også omfattar kulturskulane. Fylkeskommunane bør difor vere ryggrad for slike regionale sentra. Her er den organiseringa i kompetanseregionar, som fleire fylkesbibliotek fremjer, eit godt føredøme. Fylkeskommunane kan ha tilsvarande rolle i høve kulturskulane som dei gjennom fylkesbiblioteka har for folke- og skulebiblioteka. Både nasjonalt og regionalt vil det vere viktig i organiseringa å kombinere kompetansemiljø frå kunst/kultur og opplæring/forskning. Jf. Vedtakspunkt 15 og 16 i Fykesutvalssak 174/13.

3 Skulebibliotek som verkemiddel

Gode skulebibliotek høyrer med i utforminga av ein skule for framtida, og ved å satse på utvikling av desse kan ein nå mål som gjeld både kunnskap og kultur i skulen. Skulebiblioteka er samansett av attraktive lokale, digitale tenester, aktuelle samlingar, høgt kvalifisert personale og eit klart pedagogisk oppdrag. Tilbodet støtter all verksemd i skulen, og kan vere særleg viktig i dei estetiske faga. På statleg nivå er ansvar for utvikling av folkebiblioteka lagt til Nasjonalbiblioteket, medan Utdanningsdepartementet har ansvar for skulebiblioteka. Fylkeskommunen har ansvar for biblioteka i den vidaregåande skulen, og kommunane har ansvar for biblioteka i grunnskulen. I mange kommunar har folkebiblioteket eit fagleg ansvar for biblioteka i grunnskulen. Hordaland fylkeskommune menier at ein bør utnytte biblioteka sitt potensiale for å styrkje kunst- og kulturtilbodet i skulen og arbeide for gode skulebibliotek på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

4 Samarbeid kunst- og kultursatsing i skulane med utdannings- og forskningsinstitusjonane

Høgskule- og universitetsmiljøa har mykje å bidra med inn mot kunst- og kultursatsinga i skulane. Dette gjeld alt frå deltaking i opplæringa frå utøvande studentar og lærarar - innan musikk, visuelle kunstfag, drama, arkitektur og design - til vilkåra for desse faga i utdanninga av førskulelærarar og lærarar på høgskular og universitet. Det er difor viktig at forvaltninga i kommunane og fylkeskommunane innan DKS, skulekonsertane og kulturskulane står i eit nært og forpliktande samarbeid med utdannings- og forskningsinstitusjonane. Dei regionale forskningsfonda bør også kunne bidra med midlar til forskning som gjev auka forståing for ulike sider ved kunst- og kulturoplæringa av born og unge, i skuletid og på fritid.

5 Eigarskap i kommunane og i skulane

Dersom ein skal lukkast med opplæringa både i skuletida og i fritida – og for å skape samanheng i det samla tilbodet, er det heilt avgjerande med ein sterk eigarskap i kommunane og i skulane, særleg hjå rektorane. Kunstfaga bør innarbeidast systematisk som del av skulane sine læringsmål og i etterutdanninga av lærarane. DKS og skulekonsertane vil då kunne fungere som høgdepunkt i ein skulekvardag i samhandling med kompetente lærarar og aktive, utøvande barn og unge. Først med

sterkt eigarskap hjå skuleeigar, får også desse faga det naudsynte festet i lokalsamfunna, på tvers av generasjonane, hjå foreldre og besteforeldre.

Kunst- og kulturfaga er i særleg grad eigna til å utvikle evna hjå born og unga (og vaksne) til å stille spørsmål. Med undringskompetansen veks også endringskompetansen. Slik er det her ein viktig samheng mellom opplæring i kunst- og kulturfaga og entrepenørskapssatsinga i skulane. Med ei sterk satsing på kunst og kultur i skulane, veks innovasjonskrafta i næringsverksemd og i lokalsamfunna. Slik sett er det avgjerande viktig ikkje berre for kunst- og kulturfaga, men for endrings- og utviklingsevna i samfunnet at desse faga vert styrka og ikkje marginalisert.

6 Kunst- og kulturfag og idrett

Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje at ein ved sterkare prioritering av kunst og kultur i skulen skal setje kroppsøving/idrett og estetiske faga opp mot kvarandre. Dette gjeld både med omsyn til prioritering i lærarutdanninga og prioritering i skulen.

7 Manglande deltaking frå fylkeskommunane i ekspertgruppa

Hordaland fylkeskommune merker seg at det i ekspertgruppa ikkje er oppnemnd deltakar frå ein fylkeskommune. Dette undergrev ekspertgruppa sin samla kompetanse og tyngde. Fylkeskommunane i Noreg har høg kompetanse på kunst- og kulturformidling til skulen, både gjennom DKS og i samarbeid med Rikskonsertane. Dei står i ein sterk relasjon til det regionale og nasjonale kulturlivet, er skuleeigar med ansvar for vidaregåande opplæring og fagskular og er eigarar og ansvarleg for Ungdommens Kulturmonstring. Representasjon frå fylkeskommunane i ekspertgruppa ville ha styrka gruppa.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til uttale til ekspertgruppe for kunst og kultur i skulen

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Fylkesdirektør kultur og idrett Anna Elisa Tryti orienterte.

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune avventar til sak om det samla kunst- og kulturtilbodet eventuelt kjem på ordinær høyring før ein gjev uttale til temaet."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå opplærings- og helseutvalet til grunn for røystinga.

Søviknes sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (A, SV, Sp, SV) for innstillinga.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune avventar til sak om det samla kunst- og kulturtilbodet evt. kjem på ordinær høyring før ein gjev uttale til temaet.

PS 75/14 Veg og bane på strekinga Arna-Voss - prosjektgruppe for moglegheitsstudie

Forslag til vedtak

.....vert vald som medlem i prosjektgruppe for moglegheitsstudie i samband med veg og bane mellom Arna og Voss.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Mona Røsvik Strømme sette fram slikt forslag:

"Prosjektgruppe for moglegheitsstudie med veg og bane mellom Arna og Voss.

Medlem: Mona Haugland Hellesnes.
Vara: Terje Søviknes."

Røysting

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Prosjektgruppe for moglegheitsstudie med veg og bane mellom Arna og Voss.

Medlem: Mona Haugland Hellesnes.

Vara: Terje Søviknes.

PS 76/14 Gamle Bjølvo, Ålvik, Kvam herad. Klage på oppheving av mellombels freding med heimel i kulturminneloven, jf § 22.4

Saka gjeld Gamle Bjølvo kraftanlegg i Ålvik. Anlegget har etter fylkesrådmannen sitt syn nasjonal kulturminneverdi og vart mellombels freda av Hordaland fylkeskommune ved vedtak den 24. juni 2009 med heimel i Lov om kulturminner 9. juni 1978 nr 50 (kml) § 22 nr. 4 jf kml §§ 15 og 19. Vedtaket var lovleg fatta og vart ikkje påklaga. Det har vore gjennomført prosess mellom Hordaland fylkeskommune, Statkraft region vest og Kvam herad om bevaring og utvikling av anlegget. Riksantikvaren har ikkje delteke i prosessen. I brev frå Riksantikvaren dagsett 11.02.14, motteke 28.02.14, vart vedtaket om mellombels freding av Gamle Bjølvo kraftanlegg i Ålvik, Kvam Herad oppheva.

Brevet frå Riksantikvaren vart lagt fram som meldingssak i Kultur- og ressursutvalet 18.03.14, jf. forslag til møtebok der «KURE la til grunn at Gamle Bjølvo er ein viktig del av Hordaland og Vestlandet si nyare historie og peikte på behovet for statleg verneplan for vasskraftsektoren der folkevalde styresmakter fekk ta stilling til det samla utvalet av kulturminne. KURE oppfordra administrasjonen om å sende klage på vedtaket slik at riving av anlegget ikkje vart sett i gong før statleg verneplan var handsama og vedteken».

Fylkesrådmannen har etter Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune, § 22, fullmakt til å gjera vedtak om mellombels freding. Fylkesrådmannen vel å legge saka fram til politisk handsaming. Grunna tidsfrist har fylkesrådmannen, 20.03.2014, sendt klage til Klima og miljødepartementet på heving av vedtak om mellombels freding av Gamle Bjølvo. I klagen er det teken atterhald om politisk handsaming i Fylkesutvalet i Hordaland.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet klager på Riksantikvaren sitt vedtak om oppheving vedtak om mellombels freding, jf kulturminneloven § 22.4, fatta av Hordaland fylkeskommune, og bed om at Klima- og miljødepartementet gjer om vedtaket.
2. Fylkesutvalet meiner at fredingssaka for Bjølvo kraftanlegg vedkjem nasjonale kulturminneverdiar og ikkje bør handsamast før statleg verneplan er vedteken og forskriftsfredingar for sektoren er sendt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37 og er fastsett av Riksantikvaren.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet tek til etterretning Riksantikvaren sitt vedtak om oppheving av vedtak om mellombels freding av Gamle Bjølvo kraftanlegg i Ålvik, Kvam herad.

Fylkesutvalet trekkjer klage på vedtaket sendt frå Hordaland fylkeskommune til Klima og miljødepartementet."

Røysting

Søviknes sitt forslag vart vedteke med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for innstillinga.

Vedtak

Fylkesutvalet tek til etterretning Riksantikvaren sitt vedtak om oppheving av vedtak om mellombels freding av Gamle Bjølvo kraftanlegg i Ålvik, Kvam herad.

Fylkesutvalet trekkjer klage på vedtaket sendt frå Hordaland fylkeskommune til Klima- og miljødepartementet.

PS 77/14 Ymse

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 27.03.2014

ARRANGEMENT

Opning av ny terminal sør Bergen busstasjon

Fylkesutvalet deltok på opninga av den nye kollektivterminalen. Den offisiell opninga av terminal sør vart gjort av fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes, medan eigedomssjef Helge Haavardtun orienterte om prosjektet og leia omvising på området.

ORIENTERINGAR OG PRESENTASJONAR

Bergen og Hordaland Turlag

Dagleg leiar Helene Ødven og organisasjonsleiar Jane Britt Daae presenterte mellom anna planar for 2015.

Festspillene 2015

Festspilldirektør Anders Beyer orienterte om ambisjonar og strategi.

Ungdommens fylkesutval

Medlemmer i ungdommens fylkesutval orienterte om arbeidet sitt og planprogrammet for inneverande år.

Desse deltok frå Ungdommens fylkesutval:

- Agnes Bernes, leiar
- Gard Johanson, nestleiar
- Vegard Kleppe, medlem, ansvarleg for opplæring og helse
- Emma Franck-Gwinnell, medlem, opplæring og helse
- Hedda Hidle, medlem, ansvarleg for kultur og ressurs
- Benedicte Hellestveit, medlem, eigen organisasjon

Kunst og kultur i skulen

Fylkesdirektør kultur og idrett Anna Elisa Tryti orienterte i samband med sak 74/14 "Ekspertgruppe for kunst og kultur i skulen, uttale".

Produksjonsskulen

Dagleg leiar Baste Bruarøy ved produksjonsskulen orienterte om målsetjinga med produksjonsskulen, kva ein produksjonsskule er og kven som er målgruppa.

Reisevaneundersøkinga 2013 - Bergenområdet

Fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen orienterte om hovudresultata i undersøkinga.

INVITASJONAR

Kollektivstrategi for Hordaland – kva skal til for å lykkast med kollektivsatsinga?

9. april 2014, Hotel Grand Terminus.

Alle medlemene i fylkestinget er inviterte. Sjå referatsak 42/14.

Industri2014

18.-19. september 2014, Bodø Kulturhus.

Ein representant for fylkeskommunen kan delta på arrangementet. Interesserte kan melde frå til fylkesordføraren. E-post med invitasjon er sendt til fylkesutvalet.

BER OM SAK

Pål Kårbø bad om følgjande:

"Ber om at det vert fremja ei sak som avgjer om Hordaland fylkeskommune skal søkja statlege midlar til delfinansiering av mobbeombod."

Mona Røsvik Strømme bad om at det vert lagt fram sak om følgjande:

"Ber fylkesordførarar vurdere å opprette et kontaktutvalg i Hordaland for fergefri E 39."

KOMMENTARAR OG OPPMODINGAR

Silje Hjemdal bad om at fylkesutvalet får orientering om Clean Shipping og miljødifferensierte hamneavgifter. Fylkesordføraren vil syte for at fylkesutvalet får slik orientering.

Sigbjørn Framnes påpeikte at samanlikningar av kostnadsbudsjettet knytt til buss og bane til no ikkje har vore gode nok, og bad om å få nye oversyn. Fylkesrådmannen arbeider med å få meir samanliknbare tal.

I samband med behandlinga av sak 61/14 opplyste **Mona Hellesnes** at faste medlemmer i fylkesutvalet og gruppeleiarane er inviterte til festmøte og festmiddag for grunnlovsjubileet 14. mai.

SPØRSMÅL INNSENDE FØR MØTET

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"I samband med ny ordning for PC i den vidaregåande skulen vert det meldt om mykje rot og elevar som ikkje har PC, program osv. Er det slik? I så fall kva kan gjerast?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Hausten 2013 innførte Hordaland fylkeskommune ny elev-pc-ordning. Medan det tidlegare var slik at elevane fekk leige maskin (med kjøpsrett etter Vg3), innførte HFK hausten 2013 ei ordning der elevane skal eige maskina si sjølv. Den nye ordninga sikrar elevane ein større valfridom og betre mogelegheit til å tilpassa maskina til egne behov ved at elevane kan stille med ei maskin dei allereie eig, eller dei kan kjøpe ei av maskinene som HFK tilbyr. Vidare har elevar og lærarar fått større valfridom ved at dei kan nytte anna utstyr som mobiltelefonar, nettbrett og diverse teknisk utstyr på det trådlause nettverket på skulen.

Kvar haust er det om lag 6000 nye elevar på Vg1 ved dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i Hordaland. Alle desse elevane får tilbod om å kjøpe ei subsidiert maskin gjennom ordninga som er etablert i HFK. Om lag 4400 elevar eller $\frac{3}{4}$ av dei nye elevane valde hausten 2013 å kjøpe maskin gjennom ordninga, medan om lag 25 % av elevane valde å nytte ei maskin dei eig sjølv. Ved å la maskina vere ein personleg eigendel ser vi no at elevane tek betre vare på maskina, og at mange har kjøpt seg andre maskiner enn den som er valt som standard modell. Mellom anna valde om lag 1000 elevar å kjøpe iOS-baserte maskiner gjennom ordninga til HFK.

I fjor var det om lag 1800 elevar som bestilte maskina så tidleg at den skulle verta levert til skulestart. Diverre vart denne leveransen forseinka slik at elevane fekk maskin opp til to veker for seint. Om lag 2600 elevar valde å bestilla maskin etter skulestart. Skulane opplevde difor at svært mange av elevane ikkje hadde maskin den første tida etter skulestart. Sein bestilling skuldast ofte at elevane ikkje har gjort sitt endelege skuleval før etter skulestart. Dessutan var det nok mange som dei første vekene nytta maskin dei allereie hadde, og seinare bestemte seg for å bestille maskin gjennom ordninga. Skulane kompenserte for det seine valet mellom anna ved å lage pc-rom der elevane kunne gjennomføre kartleggingsprøvar.

Programvara på maskinene har ikkje endra seg, men mangfaldet har blitt større ved at elevane har ulike maskiner, og mange elevar har valt å nytte iOS-baserte produkt. Dette gjev skulane nye utfordringar ved at det stiller krav til annan kompetanse på skulane. Skulane har gjennom året som har gått, opparbeidd seg kompetanse gjennom egne erfaringar og kurs. Det vil også bli lagt til rette for naudsynte kurs og opplæring neste skuleår. Hausten 2013 har det vore utfordringar knytt til nedlasting av mellom anna Office-programma ved nokre skular. HFK har

difor valt å endre på ordninga og innfører Office 365, som det skal vere betydeleg enklare å laste ned.

I vinter har det vore utarbeidd ny anbodskonkurransse for elev-pc-ordninga. I nytt anbod er evalueringa av erfaringane frå hausten 2013 teke omsyn til, og det er difor stilt strengare krav til leveringstidspunkt for bestillingar gjort før skulestart, samt at krava til kvalitet på maskinene er vidareutvikla.

Frå nokre hald har det vore kritisert at skulane sine egne folk ikkje kan utføre enkle reparasjonar på maskinene. Dersom skulen sitt personale gjer reparasjonar på maskiner, vil dette bryte garantiordninga på maskina. Maskiner skal difor sendast til leverandør for reparasjon. Skulane har ei utlånsordning for maskiner som er sendt til reparasjon.

Fylkesordføraren er av den meininga at basert på erfaringar frå inneverande år har det vorte gjort tilpassingar som sikrar at HFK er godt rusta til å ta imot eit nytt elevkull med egne maskiner til hausten."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"I media les ein at det ikkje vert lagt til rette for bybane på nytt Sotrasamband. Kan fylkesutvalet få orientering om dette? Vil det koma sak til fylkesutvalet?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Hordaland fylkeskommune gav fråsegn til kommunedelplanar for Sotrasambandet i kultur- og ressursutvalet (KURE) si sak 55/12 15.05.2012. I vedtakspunkt 5 heiter det:

I eit langtidsperspektiv vil Straume som kollektivknutepunkt få ei viktig rolle. Dette inneber at framføring av bybane til Straume vil vere eit naturleg prosjekt i framtida, og brua og sambandet forøvrig må dimensjonast for å tole ei slik belastning.

Statens vegvesen arbeider no med reguleringsplanar for Sotrasambandet både på Fjell- og Bergenssida. Her er det danna ei prosjektgruppe der kommunane og fylkeskommunen er representert. I arbeidet har ein vurdert ulike bruløysingar der alternativ med dimensjonering for framtidig bybane har vore vurdert. Statens vegvesen har gitt signal om at dei ikkje vil rå til at det blir lagt til rette for bybane på den nye firefeltsbrua no, med bakgrunn i store ekstrakostnader. Hordaland fylkeskommune vil få reguleringsplanane på høyring hausten 2014.

Etter Hordaland fylkeskommune sitt delegasjonsreglement skal reguleringsplanar bli fremma politisk når det føreligg forslag til motsegn. Dersom Statens vegvesen si tilråding i reguleringsplanen avvik vesentleg frå KURE sitt vedtak i 2012, kan saka likevel bli fremma som politisk sak. Etter delegasjonsreglementet vil den då bli lagt fram for kultur- og ressursutvalet."

Fylkesordføraren la til at saker om Sotrasambandet og terminalplassering både gjeld plan- drift- og saksinteresser for Hordaland fylkeskommune. Sakene vil difor verte lagt fram for kultur- og ressursutvalet og samferdselsutvalet før sluttbehandling i fylkesutvalet.

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Kan fylkesutvalet få ei orientering om produksjonsskulen?"

Dagleg leiar for produksjonsskulen, **Baste Bruarøy**, orienterte.

Mona Hellesnes hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Korleis er tilrettelegginga for sykkelparkering på Hordaland fylkeskommune sine eigedommar som vidaregåande skular og tannklinikkar?"

Med tilrettelegging meinast sykkelparkering under tak, i låsbare rom, tilgjenge og anna.

Tilrettelegging for sykkel er ein viktig føresetnad for å få fleire til å bruke sykkel som transportmiddel. I kollektivstrategien som for tida er på høring, er det vist til ei forventna dobling av tal sykkelreiser frå 2012 til 2040.

Skal ein lukkast med dette må tilrettelegginga gjerast på alle område, og her bør Hordaland fylkeskommune vere eit av dei gode døma."

Fylkesordføraren svarte slik:

"Hordaland fylkeskommune har dei siste åra vore i ein investerings- og nybyggfase når det gjeld dei vidaregåande skulane. Fleire skular er opna, og fleire er under bygging.

Ved større ombyggingar og planlegging og etablering av nye anlegg er sykkelparkering alltid prioritert. Det vert alltid sett krav til sykkelparkering under tak, og der det er mogleg vert det lagt til rette for garderobefasilitetar. Ombygging av Årstad vidaregåande og Nye Voss vidaregåande skule er eksemplar på dette. Det same vil bli gjort ved Nye Voss Gymnas og Amalie Skram vidaregåande skole.

Ved eksisterande skuleanlegg har det vist seg vanskelegare å få på plass gode sykkelløysingar. Dette skuldast både arealbehov og tekniske løysingar knytt til eksisterande bygningsmasse. Ein plan for fellesløysingar i høve til sykkelparkering ved eksisterande bygg er i oppstartsfasen, men er ikkje gjennomført. Det har til dømes vore diskutert å etablera frittstående boss-skur kombinert med sykkelparkering under tak ved eksisterande skuleanlegg.

Ved større ombygging av eksisterande skuleanlegg, som ved Bergen Katedralskole, vil ein truleg få på plass løysingar for sykkelparkering under tak.

Ved tannklinikkane har ein stort sett ikkje hatt fokus på sykkelparkering. Ein del av tannklinikkane i fylket er lokaliserte i tilknytning til skular og kjøpesentra, og her har syklande moglegheit for parkering på eksisterande parkeringsanlegg.

Det er generelt eit behov for betre fasilitetar i form av låste parkeringsanlegg, garderobe og tørkerom ved Hordaland fylkeskommune sine eigedomar."

Fylkesordføraren la til at den fylkeskommunale sykkelparkeringa under Bygarasjen bør gjerast enklare for publikum for at fleire skal nytte tilbodet.

SPØRSMÅL I MØTET

Aud Karin Oen påpeikte at det er lyst ut midlar, og spurde om fylkeskommunen vil søkje om midlar til mobbeombod. Fylkesdirektør opplæring Svein Heggheim svarte at staten har sett av 10 mill. kr til læringsmiljøtiltak og at fylkesadministrasjonen har starta arbeidet med å vurdere ein eventuell søknad.

Silje Hjemdal viste til oppslag i media og stilte spørsmål om det er noko fylkeskommunen kan gjere for å hindre at unge jenter vert utsette for uønskt åfferd på Bybanen. Direktøren for Skyss, Oddmund Sylta, svarte at det er oppretta politisak, og at Skyss har bidrege med det dei kan i etterforskinga. Skyss vil vurdere moglege tiltak.

På bakgrunn av eit døme frå Hardanger spurde **Benthe Bondhus** kvifor Skyss-appen med reiseplanleggjar ikkje planlegg reisa heilt fram. Fylkesordføraren svarte at planleggjaren skal vise alle ledda i reisa. Fylkesrådmannen bad om å få konkret innspel, slik at eventuelle feil kan verte retta.

Nils-Olav Næss stilte slikt spørsmål:

"Ettertankens dag i Hordaland.

Viser til arrangement for pårørende og etterlatte etter trafikkulykker i regi av Trygg Trafikk i Hordaland.

Det har vært medieoppslag der pårørende har reagert på at deler av arrangementet i 2014 hadde sterkt religiøst innhold.

Spørsmål:

Vil fylkesordføreren ta kontakt med de involverte organisasjoner, og gjennom dette arbeide for at arrangementene i fremtiden blir gjort livssynsnytrale slik at alle berørte blir ivaretatt?"

Det vil verte lagt fram svar på spørsmålet i neste møte.

Marte Malones stilte slikt spørsmål:

"Vil fylkesordføreren ta initiativ til en gjennomgang av reglementet for lån/leie av fylkeskommunale bygg av frivillige organisasjoner med sikte på å tilby gratis lån til frivillige organisasjoner som driver med aktiviteter rettet mot barn/ungdom?"

Det vil verte lagt fram svar på spørsmålet i neste møte.

Aud Karin Oen kommenterte nettilgangen i fylkeshuset og Wigandgården: ein må logge seg på kvar gong, og vert stadig "kasta ut" av nettet. Ho spurde om det er mogleg å gjere noko med dette.

Aud Karin Oen spurde om fylkesutvalet kan få oversyn over kvar planlagde møte i fylkeskommunale organ skal haldast. Fylkesordføraren skal følgje opp dette.